

Vedtekter

for Sogn og Fjordane Nei til EU

(Basert på Nei til EU sine normalvedtekter for fylkeslag og S&F Nei til EU sine vedtekter. Med justeringar vedteke på årsmøtet 24.09.2016)

§ 1. Føremål.

Sogn og Fjordane Nei til EU motarbeider norsk medlemskap i Den Europeiske Union.

Sogn og Fjordane Nei til EU arbeider for:

- å sikre norsk suverenitet på område som er vesentlege for den norske velferdsstaten.
- full handlefridom til ansvarleg forvaltning av miljø og ressursar.
- at tilpassing til EU sin indre marknad ikkje må skje på kostnad av solidaritet med dei land og folkegrupper som er mest avhengige av internasjonal hjelp og støtte.

Sogn og Fjordane Nei til EU vil ha slutt på EØS-tilpassing av norske lover og reglar til EU sin indre marknad. Dette går på tvers av fleirtalet sine grunnhaldningar ved folkerøystingane i 1972 og 1994, kor verdiar som fridom, rettferd, internasjonal solidaritet og miljøvern sto sentralt.

§ 2. Arbeidsformer.

Fylkeslaget er ein del av Nei til EU og samarbeider med den sentrale leiinga om å oppfylle føremålsparagrafen.

Fylkeslaget skal drive informasjonsverksemd overfor målgrupper på fylkesplan og arbeide for å styrke organisasjonsapparatet på lokalplan.

§ 3. Medlemmer.

Alle som støttar organisasjonen sine føremål og arbeidsformer kan bli medlemmar av Nei til EU.

Som medlemmar reknast dei som bur i fylket og som har betalt årskontingent til Nei til EU. Medlemskapen er knytt til lokallaget der vedkommande bur eller direkte til fylkeslaget.

Medlemmer i Ungdom mot EU har fulle rettar i Nei til EU.

§ 4. Årsmøte.

Alle medlemmer har røysterett på årsmøtet, som til vanleg vert halde i god tid før landsmøtet.

Alle årsmøtedelegater må vere medlem av Nei til EU og bu i fylket. Fylkeslaget kan avgrense talet utsendingar til et visst tal pr. lokallag. Kvart lokallag skal prøve å få til kjønnsmessig lik representasjon.

Årsmøtet skal innkallast skriftleg med minst to vekers varsel og blir kunngjort i pressa. Vedtak på årsmøtet vert gjort med alminneleg fleirtal, med unntak av vedtektsendringar som krev 2/3 fleirtal. Ekstraordinært årsmøte blir halde når styret eller minst 1/4 av lokallaga krev det.

Årsmøtet skal:

1. Drøfte drifta av verksemda og handsame årsmelding og rekneskap.
2. Handsame arbeidsplan og rammebudsjett og fordeling av kontingent til lokallaga.
3. Handsame saker som styret eller lokallag ønsker å drøfte på årsmøtet.
4. Velje styre.
5. Velje fylkesleiar blant styremedlemmane.
6. Velje seks representantar til landsmøtet i Nei til EU. Leiaren er sjølvskriven representant i tillegg. Av dei sju valde utsendingane skal det vere minst tre av kvart kjønn. Desse representantane bør veljast slik at dei gir ei god geografisk, yrkesmessig og politisk breidde.
7. Velje revisor for neste årsregnskap.
8. Velje valnemnd.

§ 5. Styret.

Styret er sett saman av minst seks personer. Styret vel sjølv nestleiar, sekretær, økonomiansvarleg og andre verv styret finn føremålstenleg. Styret står fritt til å oppnemne eit arbeidsutval.

Styret bør veljast slik at det gir en god geografisk, yrkesmessig aldersmessig og politisk breidde. Kvart kjønn skal vere representert med minst 40 %. Styret vel sjølv nestleiar, økonomiansvarleg og andre verv styret finn formemålstenleg.

Styret står fritt til å oppnemne eit arbeidsutval. Ungdom mot EU i fylket kan oppnemne eit styremedlem som møter med fulle rettar i styret.^[1]_[SEP]

Styret oppnemner to utsendingar, ein av kvart kjønn, til rådsmøte i Nei til EU. Styret godkjenner lokale lag innan fylkeslaget og koordinerer verksemda gjennom desse. Styret sine vedtak vert gjort ved fleirtalsavgjerder. Styret kan fatte vedtak når minst halvparten av styremedlemmane er til stades.

§ 6. Endring av vedtektene.

Desse vedtektene kan berre endrast ved 2/3-dels fleirtalsvedtak på eit lovleg innkalla årsmøte i fylkeslaget og når innhaldet i endringsframlegget er gjort kjent i innkallinga.

§ 7. Oppløysing av fylkeslaget.

Oppløysing av fylkeslaget kan berre skje ved 2/3 fleirtal på eit lovleg innkalla årsmøte i fylkeslaget. Fylkeslaget sine midlar vert overførde til Nei til EU sentralt. Dersom Nei til EU er oppløyst, gjer årsmøte vedtak om korleis midlane skal disponerast.

§ 8. Forholdet til Nei til EUs sentrale vedtekter.

Sogn og Fjordane Nei til EU sine vedtekter er underlagt dei sentrale vedtektene. Ved endringar i dei sentrale vedtektene som har verknad for fylkeslaga sine vedtekter, må desse verte endra. Fylkeslag kan ikkje ha vedtekter som er i strid med dei sentrale vedtektene.